



FJALER KOMMUNE

Teknisk kontor

Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.
18/1604-11/ COH
19/8173

Dykkar ref.

Arkiv
K2-S82

Dato:
01.10.2019

Nasjonal ramme for vindkraft - uttale frå Fjaler kommune

Vedlagt følgjer Fjaler kommune sin uttale til nasjonal ramme for vindkraft. Uttalen består av kommunestyresak 72/19 og tilleggsgutgreiing datert 30.09.2019.

Forvaltningsplan for Flekke og Guddalsvassdraget er vedlagt.
Kartlegging av viktige friluftsområder i Fjaler 2019 vert ettersendt.

Med helsing

Connie Hovland
kommunalsjef teknisk
Direkte tlf: 57738047

Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Vedlegg:

Nasjonal ramme for vindkraft - uttale frå Fjaler kommune

Nasjonal ramme for vindkraft - tilleggsgutgreiing

Plandokument differensiert forvaltningsplan for Flekke og Guddalsvassdraget

Plankart Differensiert forvaltningsplan for Flekke og Guddalsvassdraget



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
072/19	Kommunestyret	17.06.2019

Nasjonal ramme for vindkraft - uttale frå Fjaler kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek vurderinga i saka som sin uttale til nasjonal ramme for vindpark.

Kommunestyret vurderer at område som er foreslått i Fjaler kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging og at det må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft.

17.06.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå MDG v/ Mark Taylor:

Kommunestyret ber rådmannen supplere Fjaler kommune sin uttale med tema INON-område, friluftsliv, bulyst, beiteområde og fugle- og dyreliv.

Tilleggsframlegg frå AP v/ Arve Hele:

Fjaler kommune ber NVE legge fram eit nytt kart som avspeglar det reelle behovet for areal for vindkraftutbygging.

Røysting:

Tilleggsframlegg frå MDG vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå AP vart vedteke mot 5 røyster.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegga vart deretter samrøystes vedteke.

KOM-072/19 Vedtak i:

Kommunestyret vedtek vurderinga i saka som sin uttale til nasjonal ramme for vindpark.

Kommunestyret vurderer at område som er foreslått i Fjaler kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging og at det må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft.

Kommunestyret ber rådmannen supplere Fjaler kommune sin uttale med tema INON-område,


friluftsliv, bulyst, beiteområde og fugle- og dyreliv.

Fjaler kommune ber NVE legge fram eit nytt kart som avspeglar det reelle behovet for areal for vindkraftutbygging.

Saksutgreiing:

NVE har på oppdrag frå Olje- og energidepartementet utarbeidd framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Det er peikt ut 13 områder som direktoratet meiner er dei mest egna områda for vindkraft på land i Norge. NVE har og etablert eit kunnskapsgrunnlag om verknadane av vindkraft og publisert 21 temarapportar.

Eit av desse 13 områda i framlegget som er utpekt som egna områder for vindkraft omfattar store delar av Fjaler kommune. Framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land er no sendt ut på høyring. Fristen for innspel er 1 oktober 2019.




Figur 1: Område Sunnfjord og Sogn, utklipp frå <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

Ein del av areala innanfor det utpekte område er ekskludert, og skal difor ikkje regnes som en del av området. Områda er i hovudsak ekskludert som følgje av:

- Lite vind i dal- og fjordstrøk
- Område med støyfølsam busetnad
- Buffersoner rundt drikkevatn
- Konflikt med det digitale bakkenettet for TV-signaler
- Områder med krevjande topografi

Når ein ser vekk frå dei ekskluderte areala er det i hovudsak fjellområda nord og sør for Guddal som peikar seg ut som aktuelle områder.



Figur 2: Ekskluderte områder er vist med blå farge, utklipp frå

<https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

Kort oppsummering frå vurderinga av området:

Dette området har middels gode produksjonsforhold for vindkraft. I et kraftsystemperspektiv er området veldig godt egnet for ny produksjon, sammenlignet med andre områder. I det utpekte området er det viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet landskap og friluftsliv. Våre overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet. Fra et nasjonalt perspektiv, framstår Sunnfjord og Sogn derfor som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging i Norge.

Området er relativt lite sammenlignet med mange andre av de utpekte områdene, men samtidig er lite av arealet ekskludert. I teorien kan det derfor være plass til vindkraftverk av varierende størrelse i det meste av området. Topografien tilsier at det er snaufjellområdene som er mest aktuelle for vindkraftutbygging.

Relevante dokument kan lesast på NVE sine heimesider:

<https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/>

Høyringsdokument:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--nves-forslag-til-en-nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/id2639213/>

Kart:

<https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

Analyseskjema, område 19, Sunnfjord og Sogn:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201903419/2733167>

Vurdering:

Planstatus

Gjeldande plan er kommuneplanen sin arealdel, vedteken i 2009, der store delar av område som er foreslått er avsett til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Denne planen er no under revisjon, men LNF føremålet blir truleg vidareført for store delar av området.

Nye områder til vindkraft er ikkje til vurdering i revisjon av ny plan.

Store delar av område som er foreslått ligg og innanfor Flekke- og Guddalsvassdraget som er eit verna vassdrag. Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for vassdraget der vassdraget er delt inn i soner. Ein stor del av område som er foreslått ligg i sone 3 i denne planen. Den

omfattar område med liten grad av menneskeleg påverknad og har følgjande skildring:
Område med relativt urørd natur. Her finn ein viktig beiteområde, aktivt nytta stølsområde og enkelte fritidsbygg. Det er store verneverdiar knytt til nedbørsfeltet som system og verneinteresser knytt til fleire fagområde. Det urørde ved desse områda må takast vare på og tiltak og inngrep må ikkje skade påviste verneverdiar eller naturbruksverdiar.

I forvaltningsplanen er det definert 4 forvaltningskategoriar for tiltak innanfor planområdet.

Dei 4 kategoriane er:

1 Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast.

2 Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.

3 Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrunnlaget og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.

4 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast.

For forvaltningssone 3 er det mange tiltak som blir vurdert til å vere i konflikt med vernegrunnlaget. Eksempel på tiltak som vert vurdert i kategori 4 og normalt ikkje kan utførast er:

Planering, bygg og anlegg, kraftleidningar, vegar og bruer.

Vindkraftanlegg er ikkje særskilt vurdert i forvaltningsplanen, men ut frå vurdering av andre mindre tiltak vurderer ein av vindkraftutbygging vil vere i stor konflikt med vernegrunnlaget for vassdraget. Forvaltningsplanen vert lagt ved uttalen.

Vurderinga frå NVE av området viser til at det er viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt mellom anna til landskap og friluftsliv i område.

Forvaltningsplan for Flekke og Guddalsvassdraget viser og viktige natur- og friluftsområder. Store delar av fjellområda er markert som viktige friluftsområder i ei tidlegare kartlegging av viktige friluftsområder i kommunen (FRIDA). Fjaler kommune skal i gang med ei ny kartlegging av viktige friluftsområde sommaren 2019 og denne kartlegginga skal vere ferdig tidleg hausten 2019. Resultatet av denne kartlegginga vert ettersendt. Områda som er mest aktuell for utbygging av vindkraft er dei snaue fjellområda. Desse er i konflikt med forvaltningsplanen for Flekke og Guddalsvassdraget samt viktige natur og friluftsområder i kommunen. Store delar av områda er og registrert som inngrepsfrie områder (INON områder).

Området som er foreslått i Fjaler omfattar sårbare fjellområder utan tekniske inngrep. Eit vindparkanlegg vert vurdert til å vere i stor konflikt med vassdragsvernet samt at området har store verdiar for natur, landskap og friluftsliv. Fjaler kommune meiner området ikkje er eigna til vindkraftutbygging og at det bør takast ut av nasjonal ramme for vindkraft.



Dok ref.
18/1604-9/ COH
19/8126

Arkiv
K2-S82

Dato:
30.09.2019

Nasjonal ramme for vindkraft - tilleggsutgreiing

Kommunestyret vedtok i sak KOM-072/19 følgjande uttale til nasjonal ramme for vindkraft.

Kommunestyret vedtek vurderinga i saka som sin uttale til nasjonal ramme for vindpark. Kommunestyret vurderer at område som er foreslått i Fjaler kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging og at det må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret ber rådmannen supplere Fjaler kommune sin uttale med tema INON-område, friluftsliv, bulyst, beiteområde og fugle- og dyreliv. Fjaler kommune ber NVE legge fram eit nytt kart som avspeglar det reelle behovet for areal for vindkraftutbygging.

Dette notatet omfattar supplerings til uttalen for enkelttema jf. Vedtaket over.

INON-område


Snaufjellområda rundt Guddal er vurdert som mest aktuelle for vindkraftutbygging i framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. Desse områda er i stor grad registrert som INON-områder, 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep. INON områda strekker seg inn i nabokommunane Hyllestad, Høyanger og Gaular og er dei største i Fjaler kommune. Ei vindkraftutbygging i desse områda vil reduserer INON områda kraftig i tillegg til at det er stor konflikt med vernegrunnlaget for Flekke og Guddalsvassdraget.

Fjaler kommune sin samfunnsdel seier følgjande:

Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap

Nokre av måla og strategiane for å oppnå dette er:

- Bevare dei store landskapstrekka og landskapsverdiane, og begrense inngrep som byggjer ned desse.
- Unngå utbygging i store samanhengande områder utan større tekniske inngrep (i stor grad fjellområder/snaufjell), og i viktige friluftsområde, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag, samt viktige kultur- og naturlandskap
- Ivareta kulturlandskapet og lyngheiene og begrense attgroing.
- Sikre allmenn tilgang til natur og friluftsområde.



Figur 1: INON – områder, utklipp frå <https://www.fylkesatlas.no/>

Friluftsliv

Fjaler har store område med tilgjengeleg naturlandskap som nyttast til friluftsliv og rekreasjon. Nokre av desse områda er utan tekniske inngrep, medan andre område inneheld hytter og traktorvegar. Det er særleg ynskjeleg å ivareta urørte område (natur 1-5 km frå tekniske inngrep) i størst mogleg grad då dei har ein særskild opplevingsverdi. Desse områda vil bli kartfesta i det pågåande arbeidet med kartlegging av viktige friluftsområder og mogeleg innarbeidd i kommunen sin arealdel. Desse områda må det takast særskilt omsyn til ved planlegging og vurdering av nye tiltak.

Store delar av fjellområda er markert som viktige friluftsområder i ei tidlegare kartlegging av viktige friluftsområder i kommunen (FRIDA) og som regionalt viktige friluftsområde. Fjaler kommune er i gang med ei ny kartlegging av viktige friluftsområde sommaren 2019. Denne kartlegginga er ikkje ferdig, men resultatet av denne kartlegginga verte ettersendt. Denne kartlegginga vil gje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag av friluftinteressene i området og viktig å ta omsyn til ved vurdering av nye tiltak.

Bulyst

Eit rikt organisasjonsliv med allsidige kultur- og fritidstilbod, gode skular og barnehagar, og flott natur, gjer Fjaler til ein god og trygg stad å bu og vekse opp i. Fjaler kommune har som mål å sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap. Tilgang til urørt natur og gode natur og friluftsområder i kommunen er eit viktig moment for framtidig busetnad i kommunen.

Beiteområde

Guddal er ei aktiv landbruksbygd i hovudsak med sau, geit og storfehold. Fjellområda har vore og er framleis aktivt brukt som beite og det er i overkant av 2000 dyr som beitar i området. Fjellbeita i området er vurdert som gode beiter som er eit viktig grunnlag for å oppretthalde landbruksdrifta i området.

Fugle- og dyreliv

Fjellområda har eit rikt dyre- og fugleliv, men områda er i liten grad kartlagt. Det er ein del artsobservasjonar i området av mellom anna kongeørn. Det er og eit naturreservat i Skor i Hyllestad kommune, tett på grensa til Fjaler samt Sørestrandvatnest naturreservat i Høyanger sør for Guddal.

Verneformålet med desse naturreservatet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med særleg verdi som hekkelokalitet for fleire kravfulle og sjeldsynte artar samt viktig trekk- og hekkelokalitet for våtmarksfugl. Ei vindkraftutbygging vil kunne ha store negative konsekvensar for sårbare og trua artar i området.

Connie Hovland
kommunalsjef teknisk

Direkte tlf: 57738047



DIFFERENSISERT FORVALTNINGSPLAN FOR FLEKKE- OG GUDDALSVASSDRAGET

Tematisk kommunedelplan for kommunane Fjaler,
Hyllestad, Høyanger og Gaular



Fjaler kommune



Hyllestad kommune



Høyanger kommune



Gaular kommune

Øvste framsidebilete viser utsnitt frå nedste del av nedslagsfeltet (Rennestaumsvatn, Breivattn og Hovlandsvatn).

Nedste framsidebilete viser utsnitt frå øvste delen av nedslagsfeltet (Heggheim i framgrunnen og Gallefoss i bakgrunnen)

Alle foto i planen er tekne av Knut David Hustveit.

Vedteken av kommunestyret i Fjaler 7.9.2015 i sak 066/15.

Innhald	Side
1. Innleiing	3
A. Bakgrunn	3
B. Målsetting	3
C. Organisering og struktur	4
D. Metode og grunnlagsmateriale	4
2. Hovudprinsipp for differensiert forvaltning	5
A. Fagleg grunnlag for vern av Flekke- og Guddalsvassdraget/ kriteria for vernet	5
B. Generelt	5
i. Typevassdrag	5
ii. Referansevassdrag	5
C. Spesielt for Flekke- og Guddalsvassdraget	6
iii. Naturfaglege verdiar	6
a. Geologi	6
b. Botanikk	6
c. Landfauna	6
d. Vassfauna	7
e. Kulturminneverdiar	7
f. Friluftsteressar	7
iv. Næringsinteressar	7
a. Landbruksinteressar	7
b. Kraftressursar	8
D. Lovgrunnlag for differensiert forvaltning	8
3. Differensiert forvaltning av Flekke- og Guddalsvassdraget	8
A. Planområde for kommunedelplan for differensiert forvaltning	8
B. Verdiar og særtekk	9
C. Temaopplysningar	9
D. Klasseinndeling	10
E. Forvaltningskategoriar	11
F. Vurdering av aktuelle tiltak i vassdraget	13
i. Mikro og minikraftverk	13
v. Hytter, bygg og anlegg	13
vi. Massetak	14
vii. Aktivitet i elvar og vassdrag	14
viii. Tilrettelegging for fiske	15
ix. Erosjons- og flaumsikring	15
4. Når nokon ynskjer å utføre tiltak langs og i vassdraget	16
A. Lover og saksgang	16
i. Plan- og bygningslova	16
ii. Vassressurslova	16
a. Kraftutbygging i verna vassdrag	16
iii. Naturmangfaldlova	17
iv. Fleire lover, saksgang og rekkjefølgje	17
B. Kontaktar for dei som ynskjer å gjennomføre tiltak	17
5. Vedlegg: Temakart	18

1) Innleiing

A. Bakgrunn

Fleirbruksplan for Guddalsvassdraget vart vedteken av Fjaler kommunestyre 15.12.1994. Guddalsvassdraget uten Søreboelva vart verna i *Verneplan IV for vassdrag i 1993*. Søreboelva vart verna i *Supplering av Verneplan for vassdrag i 2005*.

Under handsaming og godkjenning av kommuneplanen i 2009 vart det samtidig konkludert med at det er viktig å få oppdatert fleirbruksplanen. Her vart det sagt at ei revidering av denne planen er viktig med tanke på muligheiter for utbygging av mikro- og minikraftverk.

Rikspolitiske retningslinjer for forvaltning av verna vassdrag kom i 1994. Her heiter det at kommunar og fylkeskommunar som har verna vassdrag, skal legge retningslinene til grunn for planlegging etter Plan- og bygningslova.

Rikspolitiske retningslinjer rår til at ein i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen differensierer forvaltninga av dei verna vassdraga ut frå verneverdiar og arealtilstand. Difor vert vassdraget delt inn i forvaltningsoner. Det vert lagt føringar på korleis ein skal handsame søknader om ulike typar inngrep i dei einskilte forvaltningssonene.

Fjaler kommune starta arbeidet med revisjon av fleirbruksplanen i kommunestyret 14.12.2009. I den vidare prosessen kom ein fram til at fleirbruksplanen i si noverande form burde endrast til å bli ein differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget der også temaet mini- og mikrokraftverk m.m. vert innarbeidd i planen. Denne planen skal vere ein tematisk kommunedelplan. Vidare vart det lagt opp til å ta handlingsplandelen ut av dette planverket med den grunngjeving at denne delen høyrde meir naturleg heime i ein revidert driftsplan for vassdraget. Det føreligg i dag ein slik driftsplan utarbeidd og vedteken av Flekke- og Guddal grunneigarlag i 2002.

Tidleg i planprosessen vart det også klart at ein differensiert plan bør omfatte heile nedslagsfeltet til Flekke- og Guddalsvassdraget. Det betyr at også kommunane Hyllestad, Høyanger og Gaular er trekte inn i planarbeidet.

B. Målsetting

Planarbeidet skal munne ut i eit system som skal samordne bruken av vassdraget på ein slik måte at folk skal kunne bu og leve i området samstundes som ein tek vare på dei verdiane som ligg til grunn for at vassdraget vart varig verna mot kraftutbygging.

Planen skal også vere med å gje informasjon om verdiane i vassdraget og kva lovverk ulike typar inngrep skal vurderast i høve til. Det er viktig at landbruksnæringa får stabile rammevilkår slik at dei kan vidareutvikle verksemda si.

Planen har også som mål å gje betre grunnlag for utnytting av næringsverdiane i vassdraget. I dette ligg også å søkje å legge til rette for at det skal bli lettare å finne ut i kva grad vatnet kan nyttast til mindre produksjon av kraft.

C. Organisering og struktur

Arbeidet med tematisk kommunedelplan for differensiert forvaltning av Flekke- og Guddalsvassdraget har vore organisert med ei styringsgruppe og ein sekretær. Utarbeidinga er gjennomført i tett dialog med planforum i fylket.

Styringsgruppa har vore samansett slik:

Arve Helle, ordførar i Fjaler (leiar)

Jarle Hovlandsdal (nestleiar)

Hallvard Haaland,

Kåre Eimind

Nina Yndestad

Oddvar Vassliås (vararepresentant)

Hogne Kvangarsnes (vararepresentant)

Knut David Hustveit har vore sekretær for gruppa og har hatt ansvaret for framdrifta av planarbeidet.



Utsnitt frå Trollefossen

D. Metode og grunnlagsmateriale

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i tråd med reglane i plan- og bygningslova

Det er samla inn data til hjelp for arbeidet både frå tilgjengeleg litteratur, likande planar andre stader og frå lokalbefolkninga i område. Det er halde opne møter der det både har vore gjeve orientering og gjeve høve til å komme med innspel til planen.

I arbeidet har ein bygd på erfaringane frå liknande planlegging i Gaularvassdraget, Strynevassdraget, Loenvassdraget, Oldenvassdraget og Horningdalsvassdraget. Flekke og Guddalsvassdraget er såleis delt inn i ulike soner og det er bygd på dei same forvaltningskategoriane som i desse vassdraga.

Det høyrer kart til kommunedelplanen. Dette er retningsgjevande for kommunen si arealforvaltning og skal innarbeidast i arealdelen i kommuneplanen. Kartet viser heile planområdet inndelt i soner alt etter menneskeleg påverknad.

2) Hovedprinsipp for differensiert forvaltning

A. Fagleg grunnlag for vern av Flekke- og Guddalsvassdraget /kriteriar for vernet

Flekke og Guddalsvassdraget vart verna i to omgangar. Først kom vernet opp til kote 340 i 1993 (Verneplan IV). Deretter kom vernet av resten av vassdraget, Søreboelva, i 2005 (Supplering av Verneplan for vassdrag).

I vernet er det, i stikkords form, lagt særskilt vekt på vassdraget som både eit *Typevassdrag* og eit *Referansevassdrag* med vekt på at: Det er eit *låglandsvassdrag* i regionen. Vatn og myr er viktige delar av eit variert og attraktivt landskap. Her er store kulturminneverdiar. Friluftsliv er viktig bruk.

B. Generelt

NOU 1991: 12A – Verneplan for vassdrag IV, side 54 og 55 gjev ma. eit oversyn over kva som ligg i nemningane: Differensiert forvaltning, Typevassdrag og Referansevassdrag. Nedanfor er det drege fram nokre sentrale element om typevassdrag og referansevassdrag

i. Typevassdrag

Bakgrunnen for å gje vassdraget status som typevassdrag er at det er definert som eit vassdrag utan særleg store tekniske inngrep. Det er av slik storleik at det representerer eit landskapsbilete og flora/fauna som er typisk for denne regionen.

Forvaltninga sitt mål bør i hovudtrekk vere å ta vare på landskapsbiletet og sjå til at det vert lagd ei streng vurdering til grunn når det gjeld direkte inngrep som har innverknad på elveleiet sine hovudformer.

ii. Referansevassdrag

Flekke- og Guddalsvassdraget er vurdert til å vere eit vassdrag som er lite påverka av større tekniske inngrep. Dette gjeld både for sjølve vassstrengen og i nedbørfeltet. Det er dette at vassdraget ligg rimeleg nær opp til det "naturlege" som har peika ut referansevassdrag som eit vernegrnlag.

Referansevassdrag er tiltenkt ein viktig rolle for forskning i dag og så langt ein kan sjå inn i framtida for at ein skal kunne følgje naturlege prosessar som har fått gå mest mogleg uforstyrta. Dei skal også tene som basis for vurderingar av andre vassdrag om kva som er naturlege variasjonar/utviklingstrekk.

Alle ledd i forvaltninga bør legge vekt på ei gjennomført handheving/vurdering av alle inngrep/påverknader som kan redusere referanseverdien.

C. Spesielt for Flekke- og Guddalsvassdraget

I NOU 1991: 12B – verneplan for vassdrag IV side 175 – 177 er det gjeve ei utgreiing om naturfaglege verdier, kulturminneverdier, friluftsinnteresser, landbruksinteresser og kraftressursar i tilknytning til Flekke- og Guddalsvassdraget. Nedanfor er teke med utdrag frå denne utgreiinga.

i. Naturfaglege verdier

Vassdraget er i hovudsak eit låglandsvassdrag med ein flora og fauna som er typisk for lågareliggande område i Sunnfjord.

Her er område med svært store naturfaglege verdier

a) Geologi

Landskapet speglar i stor grad berggrunnsgeologien med opne dalføre med tersklar og trau. I tillegg er her mange sprekkesystem som vi ser att i tronge, korte og hengande dalar. Her er ein del morenemateriale i sidedalane, medan hovuddalføret er prega av vassavsetningar.

Verneverdien er sett til middels.

b) Botanikk

Her er fleire interessante myrområde. Sørebømyrane er verna. Her er også nemnt spesielt myrområdet nord for Sandavatnet. Her kan nemnast dei store areala med fureskog med undervegetasjon av blåbærlyng m.fl. Området generelt er relativt artsfattig og har få vegetasjons- og naturtypar som er sjeldne.

Verneverdien er sett til svært stor.



Harefossen skil anadrom sone frå resten av hovudvassdraget.

c) Landfauna

Vassdraget har ein variert fuglefauna. Våtmarksområdet i Skor (Hyllestad) er eit av dei mest verdfulle i fylket. I vassdraget var det registrert 118 artar der 2 var trua. Vassdraget er også viltbiotopisk interessant, med m.a. ein svært god hjortebestand

Verneverdien er sett til svært stor.

d) Vassfauna

Humusinnhaldet i vatnet legg ein viss dempar på produktivitet og artsrikdom. Det har eit rikt utval av biotoptypar og er representativt for dei lågareliggande områda i Sunnfjord. Vassdraget er anadromt til Harefossen, Røya går til og med Hovlandsdalsvatnet. Her er svært gode gyte- og oppveksttilhøve. Det har gjeve tette og til dels overfolka bestandar.

Verneverdien er sett til stor

e) Kulturminneverdiar

Området er rikt på kulturminne. Dei femner om spreidde funn frå yngre steinalder, via jernalder og fram til i dag. Kulturminna har store kunnskapsverdiar som er med å kastar lys over byggeskikk, utnytting av vasskraft, samferdsle mm.

Verneverdien er sett til stor

f) Friluftsjnteresser

Terrenget er relativt lett tilgjengeleg og vert nytta til ulike aktivitetar. Det er turområde for lokalbefolkninga heile året og skiutfartsområde for regionen. Vassdraget er mykje nytta til fritidsfiske.

Verdien er sett til stor

Verneverdivurdering	
Geofag	Middels
Botanikk	Svært stor
Landfauna	Svært stor
Vassfauna	Stor
Kulturminneverdiar	Stor
Friluftsjnteresser	Stor

ii. Næringsjnteresser

a) Landbruksjnteresser

Ca 78 prosent av nedslagsfeltet ligg i Fjaler. Det utgjær 206 km². Av dette er 5 110 daa jordbruksareal fordelt på 3 545 daa dyrka jord og 1 335 daa innmarksbeite. Her er 90 brukseiningar. 46 av dei er drivne som sjølvstendige bruk. Så godt som alt jordbruksareal på dei resterande bruka er nytta som leigejord.

Landbruk er den absolutt viktigaste næringa i nedslagsfeltet. Det medfører at dei fleste som bur her skaffar seg levebrød i skjeringpunktet av den enkle sanninga at det finst knapt noko som har større og meir omfattande miljøkonsekvensar enn den matproduksjonen landbruket står for og den banale og brutale røyndommen at mat må vi alle ha heile tida.

Verdien av landbruksnæringa er svært stor.

b) Kraftressursar

Då vernet vart vedteke var temaet større kraftutbyggingar. Fokuset på mikro-, mini- og småkraftverk var så godt som heilt fråverande. I dag er dette endra. Vassdraget har store ressursar for slik utbygging og interessa er svært stor. For fleire lokale fallrettseigarar utgjer dette eit stort inntekspotensiale.

Verdien av kraftressursane er svært stor.

Næringsverdivurdering	
Landbruk	Svært stor
Kraftressursar	Svært stor

D. Lovgrunnlag for differensiert forvaltning

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag er gjevne med heimel i Plan- og bygningslova. Desse retningslinene gjev nasjonale mål og rårer for den planlegginga som skal gå føre seg etter Plan- og bygningslova i alle kommunar som har verna vassdrag.

Verkområdet til Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR) er:

- Vassdragsbeltet, det vil seie hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjørner og eit område på inntil 100 meter breidde langs desse.
- Andre deler av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert at har noko å seie for vassdraget sin verneverdi

Etter dette er det dermed Plan- og bygningslova som styrer forvaltninga av verna vassdrag. Andre sentrale lover og forskrifter er lista opp under p 3:

3) Differensiert forvaltning av Flekke- og Guddalsvassdraget

A. Planområde for kommunedelplan for differensiert forvaltning

Flekke og Guddalsvassdraget ligg i hovudsak i Fjaler kommune i sørvestre delen av Sunnfjord. Heile nedbørsfeltet er på 263 km². Av dette ligg 206km² i Fjaler, 26km² i Hyllestad, 17km² i Høyanger og 14km² i Gaular. Planområdet dekker heile nedslagsfeltet til vassdraget.



Utsyn til Guddal kyrkje og Øyrefossen

B. Verdiar og særtrekk

Vassdraget strekkjer seg frå utløpet i Flekkefjorden og oppover dalføret til Heggheim/Sørebø. Her deler elva seg med ei grein austover til Nykksvatnet som ligg i Gaular med storparten av sitt areal. Den andre greina går nordover forbi Steinset til Djupevatnet aust for Styggeheia. Forutan desse to armane øvst i dalføret kjem det ei større grein frå Høyanger i sør ned Tjøredalen. Denne renn saman med hovudelva ved Gallefoss. Ved Guddal kjem det ein større arm frå Kalstadfjella i nord. Det kjem også ei grein sørfrå gjennom Engjedalen og renn saman med hovudelva ved Engen. I Hovlandsdalen kjem det ein arm frå sør med utspring i grensetraktene mellom Fjaler, Hyllestad og Høyanger. Største sidegreina kjem frå Hyllestad i sør og renn ut i hovudløpet ved Nautsund. Medan sideelvane jamt over renn i bratt terreng er hovudelva frå Heggheim/Sørebø og nedover til Kyrkjefossen prega av meir stilleflytande vatn med unntak av Gallefossen. Nedanfor Kyrkjefossen er elva sterkt prega av at her ligg større og mindre vatn med fossar og stryk og nokre korte elvestrekningar mellom. Nest i elva går det laks og sjøaure opp til Harefossen.

Det er nedbørfeltet til det verna vassdraget som er verna mot kraftutbygging.

C. Temaopplysningar

Naturområde:

EDNA-registeret	Område med stor verdi for naturverninteresse. EDNA står for EDB-registrerte data som er tilgjengelege på Fylkesatlas
Biologisk mangfaldregistrering	Kartlegging og vedsetting av viktige område for biologisk mangfald. Registreringane er tilgjengeleg på Fylkesatlas, Naturbasen, Gardskart m.fl.
Sørebømyrane naturreservat	Oppretta ved kongeleg resolusjon i 2004. Sjå Fylkesatlas m.fl.
Skor naturresevat	Oppretta ved kongeleg resolusjon i 1991. Sjå Fylkesatlas m.fl.
Fossefall	Dei mest markerte fossefalla er Harefossen og til dels Yndestadfossen i hovudløpet og Øyrefossen, Svartefossen (Tjøredalselva) og Sørebøfossen i tre ulike sideelvar

Friluftsliv

FRIDA-registeret	Område med stor verdi for friluftsliv. FRIDA står for friluftsområde registrert på data, og er henta frå fylkesplan for friluftsliv. Det er tilgjengeleg på Fylkesatlas
INON	Inngrepsfrie område. Opplysningane er tilgjengelege på Fylkesatlas

Kulturminne

Gravhaug	Tussehaugen på Heggheim.
Guddal kyrkjestad	Engen

Guddal middelaldersk myrkyrkjegard	Engen
Nyksvatn	buplass
Andre fornminne: Gardsanlegg, steinalderlokalitetar, tømmerfløytingsanlegg, vass-sag og andre vassdrivne anlegg, eldre kraftverk, bru/vadestad mm.	Kjennskapen er mangelfull. Andre kjende fornminne kan finnast på Internett (Askeladden, Arkeoland ol)
Stølar	Det er ikkje laga noko systematisk oversyn over stølar
Gamle vegfar/veganlegg	Den Trondhjæmske Postvei Den gamle vegen gjennom Guddal Gamle ferdslveggar over fjellet

Ei fullstendig oppstilling av EDNA-, biologisk mangfald- og Askeladden-registreringane er teke med heil til slutt i plandokumentet. Her er også naturresevata: Sørebymyrane og Skor nemnde.

D. Klasseinndeling

Vassdraget er delt inn i soner for å kunne oppnå tilnærma lik forvaltning for tilnærma like areal. Sonene skal seie oss noko om kor mykje menneskeleg påverknad som er i landskapet. Plankartet viser soneinndelinga i grove trekk, og er meint som eit visuelt verkemiddel. Det er såleis den reelle arealtilstanden på kvart einskilt område som vert lagt til grunn for vurderingane under sakshandsaminga.

Sone 1 (S 1) Område med høg grad av menneskeleg påverknad.

Områda ligg nær tettstader. Areala er påverka av mange slag inngrep og tiltak. Verneverdiane er knytt til restområde av våtmarker i elveutløpa, elva som landskapselement, friluftsområda i strandsona til elva, kulturminne i form av gamle bygningar, fornminne m.m.

Det skal leggst særleg vekt på at inngrep og tiltak ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne langs elva og tilhøva for å komme til elva og drive friluftsliv.

NB Det er ikkje slike område i dette nedslagsfeltet.

Sone 2 (S 2) Område med middels grad av menneskeleg påverknad.

Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typar kulturminne, frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet.

Det skal særleg leggst vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktig naturførekomst, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdrag og hovudveg.

Sone 3 (S 3) Område med liten grad av menneskeleg påverknad.

Område med relativt urørd natur. Her finn ein viktig beiteområde, aktivt nytta stølsområde og enkelte fritidsbygg. Det er store verneverdiar knytt til nedbørsfeltet som system og verneinteresser knytt til fleire fagområde.

Det urørde ved desse områda må takast vare på og tiltak og inngrep må ikkje skade påviste verneverdiar eller naturbruksverdiar.

E. Forvaltingskategoriar

Det er i denne samanheng sett ein verdi som fortel kor stor konflikt eit inngrep eller tiltak vil utgjere i høve til verneverdiane i vassdraget. Forvaltingskategoriane er retningsliner for ein individuell og skjønsmessig vurdering av inngrepa og tiltaka. Kategoriane er talsett frå 1 til 4, der aukande tal gjev aukande konfliktgrad, og difor krev grundigare vurdering av dei ulike interessene som inngrepet kan ha verknad på. Eventuelle ulemper av inngrepet vert vurdert i høve til nytteverdien av inngrepet.

Dei 4 kategoriane er:

1	Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast.
2	Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.
3	Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrunnlaget og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.
4	Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast.

Aktuelle lovverk:

• Plan- og bygningslov	PBL
• Naturmangfaldlova ¹⁾	NML
• Vassressurslova	VRL
• Laks- og innlandsfiskelova	LIL
• Ureiningslova	UL
• Jordlova	JL
• Skogbrukslova	SL
• Lov om kulturminne	KL
• Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag	ML
• Energilova	EL
• Vassforskrifta ²⁾	VF
• Akvakulturlova	AL
• Dyrevernlova	DL

1) Alle tiltak som påverkar naturmangfaldet skal ha ei særskilt vurdering etter naturmangfaldlova. Naturmangfaldlova gjeld såleis for alle elementa sjølv om den ikkje er nemnt under krav om godkjenning for det enkelte element.

2) Vassforskrifta: Arbeidet med forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane er nett starta opp. Denne planen vil legge mange viktige føringar på forvaltninga av alt vatn og vil såleis også komme til å få mykje å seie for den framtidige forvaltninga av Flekke- og Guddalsvassdraget. Det er her viktig å merke seg at vassforskrifta ber i seg ein ny og meir målretta måte å møte miljøutfordringane på (jf EU sitt vassdirektiv). Medan ein til no har vore produksjonsorientert og knytt avgrensingane til produksjonen med sterk vekt på likebehandling skal det heretter settast fokus på resipienten der miljøtilstand og trong (avvik frå naturtilstand) fastset tiltak og reguleringar. Det vil såleis i utgangspunktet ikkje bli sett spesifikke krav til produksjon. Dette er forventa å gje ei meir kostnadseffektiv forvaltning.

Dei mest aktuelle typar tiltak og inngrep er lista opp nedanfor. Det er skilt mellom tiltak i vassystemet og utanom vassystemet. Vasssystemet definerer vi her som areal opp til høgaste ti års flaumvasstand. Her er teke med bekker som normalt har vassføring og ikkje går tørre i sommarhalvåret.

Tiltak og inngrep i vassystemet:

Opplisting av tiltak og inngrep, aktuelle lovverk (krav om godkjenning) og avgjerdsmynde i tabellen er ikkje uttømmende.

Type inngrep/tilt.	Vassdragssoner			Krav om godkjenning/ plikt til undersøkjing ¹⁾	Avgjerds.
	S 1	S 2	S 3		
Landbruksveg/bru		2	3	SL/JL, VRL, KL ¹⁾	Kom. og NVE
Veg/bru – off. etter pbl.		2	4	PBL, VRL, KL ¹⁾	Kom. NVE og vegvesen
Kanalisering		3	4	VRL, KL ¹⁾	NVE
Bekkelukking, (effektivisere landbruk, motverke erosjon)		3	4	JL, VRL, KL ¹⁾	Kom. og NVE
Masseuttak i vassystem til eige husbehov ovanfor laks- og sjøaureførande strekning inntil 25m ³ pr. år (Massar som har lagt seg opp over tid.)		1	3	PBL, VRL; LIL	Kom (melding), NVE og FM
Masseuttak i vassystem til eige husbehov på laks- og sjøaureførande strekning, inntil 10m ³ pr. år		3		LIL, JL,	Kom (melding), NVE og FM
Flaum og erosjonssikring		2	3	PBL, LIL, VRL, KL ¹⁾	NVE via kom
Vedlikehald av elveforbyggingar		1	2	PBL, LIL, VRL,	NVE via kom
Oppreinsking av lausmassar i elv		1	3	VRL, LIL	NVE via kom
Utfylling i vassystemet (deponering)		4	4	PBL, LIL, VRL, KL ¹⁾	NVE via kom
Fjerning av kantskog ²⁾		4	4	PBL,VRL,	FM via kom
Jordvatning og vassforsyning til eige bruk		1	2	VRL	Kom. og NVE
Kabel/installasjonar i vassyst. (varmeveksl..)		2	3	VRL, LIL, KL ¹⁾	NVE, FM
Naust		2	3	PBL, KL ¹⁾	Kom
Brygge/molo (auka tilgjenge)		3	4	PBL, VRL, KL ¹⁾	Kom og NVE
Båtsport/vassport m/motor		3	4	ML	Kom
Vassdr. som reseipient: Avløpsrenseanlegg		3	4	UL,	Kom evt FM
Vassdr. som reseipient: Anna ureining		4	4	UL,	Kom evt FM
Fiskekultiveringstiltak		2	2	LIL,	FK/FM via kom
Mikro- og minikraftverk opp til 1000 kW		2	3	VRL, PBL, KL ¹⁾	NVE via FM, FK og kom
Fiskeoppdrett: settefisk/matfisk		3	4	AL, DL, VRL, UL,	FK, Mattilsynet, NVE og FM

Tiltak og inngrep utanom vassystemet:

Opplisting av tiltak og inngrep, aktuelle lovverk (krav om godkjenning) og avgjerdsmynde i tabellen er ikkje uttømmende.

Type inngrep/tilt.	Vassdragssoner			Krav om godkjenning	Avgjerds.
	S 1	S 2	S 3		
Landbruksveg (inkl. minder massetak i samband med vegbygging)		2	3	SL/JL, VRL, KL ¹⁾	Kom.
Veg – off. etter pbl.		2	3	PBL, VRL, KL ¹⁾	Kom. og NVE
Nydyrking		2	3	JL, KL ¹⁾	Kom
Planering		2	4	JL, PBL, KL ¹⁾	Kom
Kanalisering		3	4	JL, KL, VRL, KL ¹⁾	Kom og NVE
Flatehogst		1	3		Ikkje søknadspl.
Treslagskifte		2	3		Ikkje søknadspl. ³⁾
Bygg og anlegg		2	4	PBL, JL, KL ¹⁾	Kom
Hytter		2	3	PBL, JK, KL ¹⁾	Kom
Kraftleidningar mm (i luft)		3	4	PBL, EL, KL ¹⁾ : stolpefeste	Kom etter melding, NVE

Råstoffutvinning (massetak)		3	4	PBL, JL, KL ¹⁾	Kom
-----------------------------	--	---	---	---------------------------	-----

1) Kulturminnelova:

§9: Ved planlegging av offentlige og større private tiltak plikter den ansvarlige leder eller det ansvarlige forvaltningsorgan å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte som nevnt i § 3 første ledd, jfr. § 8 første ledd.

§ 3 omhandlar forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne. Kva som er eit automatisk freda kulturminne går fram av § 4

Ut i frå om det i samband med undersøkelsesplikta vert gjort funn eller ikkje, set lova krav til korleis dette skal handsamast. Registrering eller undersøkelser etter § 9 i kulturminnelova kjem spesielt til anvending ved arealingrep, tiltak, jfr. Pbl §1-6, her er terrenginngrep spesielt nemnt og endring av arealbruk. Kulturminnelova § 25 omhandlar meldeplikt på tiltak som er omfatta av kulturminnelova.

Her ligg det og ei meldeplikt for tiltak på bygg og anlegg som er oppført før 1850.

2) Vanleg skjøtsel av kantskog er tillate.

3) NB! Planting av «framande» treslag krev særskilt løyve frå FM.

F. Vurdering av aktuelle tiltak i vassdraget

Det har komme få innspel om tiltak, men vi har likevel gruppert ein del tema vi reknar med vil vere aktuelle i høve til soneinndeling og verneverdi.

I Flekke og Guddalsvassdraget sitt nedslagsfelt er det ikkje tettbygde område. Det medfører at her ikkje er område som vert definert som Sone 1. Det betyr at område med spreidd busetnad og landbruk og anna næringsaktivitet ligg i Sone 2. Resten av nedslagsfeltet er i Sone 3.

I Sone 2 er det i tillegg til å syte for gode vilkår for næringsliv og busetnad også særleg viktig å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar.

Sone 3 er område med liten grad av menneskeleg påverknad. Her er det viktig å ta vare på dei urørde områda. Det er stort sett hytter og andre fritidsbygg som kan vere aktuelle i slike område. Normalt vil slike anlegg vere i konflikt med vernegrunnlaget, men etter nøye vurdering kan hytter og naust plasserast i slike område, så sant tiltaket (gjeld også bruken av bygget) ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget.

i. Mikro- og minikraftverk

I verna vassdrag ligg det i dag i utgangspunktet strenge føringar på etablering av småskala kraftutbygging då denne typen inngrep normalt kjem i konflikt med verneverdiane knytt til vassdraget. Samtidig er så godt som all busetnad og næringsliv i nedslagsfeltet til vassdraget tufta på dei naturressursane som er i området.

No er det opna for konsesjonshandsaming av mikro- og minikraftverk i verna vassdrag. Det gjev moglegheiter for god styring med slike utbyggingar slik at verneverdiane kan takast betre vare på ved denne type etableringar.

ii. Hytter, bygg og anlegg

Det meste av slik aktivitet har vore knytt til landbruksområda i Sone 2. Det er regulert eit hyttefelt i området etter at vassdraget vart verna. I slike samanhengar er det viktig at kommunen sikrar område med stor verneverdi gjennom regulerings- og utbyggingsplanar.

Ein bør unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget og mellom vassdraget og hovudveg. Dersom ein tek omsyn til verneverdiane vil det vere fullt mogleg å

tillate bygging av både hytter, hus, naust m.m. i slike område. Det skal under dei same føresetnadene også vere fullt mogleg å etablere anna næringsaktivitet i området.



Nautsyndvatnet, Hovlandsdalsfossen, Hovlandsdalsvatnet og Hovlandsdal i bakgrunnen

iii. Masseuttak

I følge plan- og bygningslova og vassresurslova kan grunneigar ta ut masse til eige husbruk frå eigen grunn og vassdrag. Lova definerer uttaket til å vere av "*beskjeden størrelse*". I dette plandokumentet vert denne storleiken definert til å vere 25m³ pr. år. Slike masseuttak vil normalt kunne skje i Sone 2 utan at det kjem i konflikt med vernegrunnlaget, men grunneigar skal på førehand gje kommunen melding om uttaket. I Sone 3 vil slike uttak kunne skade verneverdiane. I slike tilfelle er det konfliktgrad, omfang, utforming og detaljering av tiltaket som er avgjerande for om tiltaket kan gjennomførast eller ikkje.

Større massetak (>25m³) kan få fleire uheldige konsekvensar for verneverdiane i vassdraget, særskilt dersom uttaket skjer i i vassystemet. Difor vil tiltak i dei urørde områda (Sone 3) som er i konflikt med vernegrunnlaget, normalt ikkje kunne utførast. I dei utbygde områda vil masseuttak derimot kunne skje, dersom tiltaket ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget og elles er i samsvar med vedtekne planar og/eller løyve.

iv. Aktivitet i elvar og vatn

Flekk- og Guddalsvassdraget med alle vatna har eit stort unytta potensiale for meir aktivitet. Det kan vere friluftsliv, fiske, og andre turistopplevingar. Her bør vere rom for større aktivitet enn det vi ser i dag.

Nokre aktivitetar, så som ulike former for båtsport og då serleg motorisert båtsport, kan likevel komme i konflikt med vernegrunnlaget. Løyve til slik aktivitet i Sone 2 må vurderast spesielt opp mot vernegrunnlaget. I desse vurderingane skal også omfang av aktivitet vurderast før eventuelt løyve vert gjeve.

I Sone 3 vil båtsportaktivitetar som nemnt ovanfor normalt ikkje kunne utøvast. Her er det friluftsliv og naturopplevingar som dominerer aktiviteten.

Flytting av båtar, fiskeutstyr med meir frå andre vassdrag og hit og innbyrdes i vassdraget medfører fare for innføring og/ eller spreiding av framande skadelege organismar. Gyrodactylus salaris er døme på ein slik organisme.

Regelverket presiserer følgjande:

Det er svært viktig at alt utstyr, også båten, blir desinfisert eller er heilt tørr før du set den ut på ein ny plass. Dette gjeld også om det er i same vassdraget.

v. Tilrettelegging for fiske

Fiske har lange tradisjonar i vassdraget. Det gjeld både innlandsfisk og anadrom fisk. Det har gjennom mange år, også etter at vassdraget vart verna, vore drive målretta kultivering i form av utsetting av levande genmateriale av laks og sjøaure av stadeigen stamme i vassdraget. Det har også vore nytta store offentlege ressursar for å betre vasskjemien i vassdraget. Desse tiltaka omfattar både fullkalking av hovudvassdraget og kalking/utlegging av gytesubstrat i fleire fjellvatn. Det har periodevis også på grunn av overfolking vore gjennomført til dels omfattande utfisking både i Hovlandsdalvatnet, Nautsund-/Bjordalsvatnet og Bøgevatnet. Desse aktivitetane har vore vurderte til å ikkje komme i vesentleg konflikt med vernegrunnlaget. Slike aktivitetar skal kunne vidareførast i Sone 2. Dei bør også kunne vidareførast i sone 3 der det ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget.

I Sone 2 skal det også vere rom for betre tilrettelegging for sportsfiske langs elva der dette ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget.

I planprosessen har det komme fram eit sterkt ynskje om laksetrappar i vassdraget for å gjere større deler av elva anadrom og dermed meir attraktiv for ”laksefiskarar” over lengre strekningar. Ei slikt tiltak vil berre vere aktuelt i Sone 2 og så lenge det ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget.

vi. Erosjons- og flomsikring

Fleire stader i vassdraget er det til dels stor trong for ulike erosjons- og flomsikringstiltak. Slik trong skal alltid meldast til kommunen. NVE kan hjelpe til med planlegging og utføring av slike tiltak. Men i slike høve er det i realiteten område med størst samfunnsøkonomisk verdi eller liv og helse som vert prioritert.

Dersom klimaendringar medfører større nedbørmengder, meir ustabil vær og meir ekstremvær vil det komme til å gje oss nye og forsterka utfordringar på korleis vi skal handtere vatnet for å unngå skader og katastrofar. Det vil komme til å medføre trong for både hydrologisk risikokartlegging og sikringstiltak.

I Sone 2 vil slike sikringstiltak normalt ikkje vere i konflikt med vernegrunnlaget. Det er likevel viktig å ta omsyn til verneverdiane ved planlegging av tiltaket.

I Sone 3 vil sikringstiltak normalt vere i konflikt med vernegrunnlaget. Her må det gjennomførast ei grundig vurdering av trongen for tiltaket og konsekvensar for verneverdiane i området.

4. Når nokon ønskjer å utføre tiltak langs og i vassdraget

Det er i utgangspunktet ikkje tillate å gjere inngrep i vassdrag som kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser. Dei som har planar om å gjere inngrep i eller inntil eit vassdrag, må avklare om det er naudsynt med løyve frå lokale og/eller statlege myndigheiter før arbeidet kan starte. Sakshandsaminga vil variere etter kva omfang og verknader tiltaket vil føre til. Ta difor tidleg kontakt med anten kommunen, fylkesmannen eller NVE sitt regionkontor, for å få rettleiing om framgangsmåten.

A. Lover og saksgang

i. Plan- og bygningslova

Plan- og byggesaker som skal handsamast etter Plan- og bygningslova, skal gjennom såkalla førehandsdrøfting før søknad vert formelt fremja. Den som ynskjer å utføre tiltak langs eller i vassdraget må i første omgang ta kontakt med kommunen. Her vil det bli gjeve informasjon om vedtekne planar, eventuelt krav til søknad, rettleiing og råd m.m. Planen for differensiert forvaltning av Flekke- og Guddalsvassdraget vil i denne samanheng vere eit godt grunnlag for informasjon om aktuelle særlover for tiltak i og langs vassdrag, og kva instansar og personar som kan kontaktast i slike saker.

ii. Vassressurslova

Vassressurslova er den generelle lova om vassdrag. Den pålegg alle å opptre aktsamt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser. Tiltak i vassdrag som kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser må ha konsesjon etter vassressurslova. Allmenne interesser omfattar blant anna allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, friluftsliv, vitskapleg interesse, kultur- og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred m.m..

Dersom det er klart at tiltaket må ha konsesjon, må søknad sendast NVE. Dersom dette ikkje er klart, må tiltakshavar sende melding til NVE, med tilstrekkelege opplysningar til å avgjere konsesjonsplikta. Ved meldingar hentar NVE inn uttale frå kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen. Ved konsesjonshandsaming vert søknaden sendt på ei breiare høyring og lagt ut til offentleg gjennomsyn.

a. Kraftutbygging i verna vassdrag

For kraftutbygging i verna vassdrag gjeld strengare reglar enn for andre vassdrag. Omsynet til verneverdiane skal vege tungt, både i vurderinga av konsesjonsplikta og i konsesjonshandsaminga. Stortinget har vedteke at det i verna vassdrag kan gjevast konsesjon for kraftverk mindre enn 1000 kW (mikro- og minikraftverk). Føresetnaden er at utbygginga ikkje går ut over verneverdiane. Vurdering av konsesjonsplikta, konsesjonshandsaminga og handsaminga etter dei andre lovene skal skje etter same rutinar som i andre vassdrag.

Der det kan vere aktuelt å gje løyve til kraftutbygging, vil det bli lagt vekt på at strekninga som skal byggjast ut, framleis skal vere eit naturelement med ei romsleg og varierende vassføring. Det vil innebere at slukeevna til kraftverket og minstevassføring på den aktuelle strekninga i planen må dimensjonerast i forhold til dette. Då det kan vere stor variasjon mellom ulike vassstrekningar, er det vanskeleg å

gje generelle/presise råd for storleiken på desse forholda. Slukeevna til kraftverket bør vanlegvis vere ein del mindre enn 0,5 gonger middelvassføringa på utbyggingsstrekninga.

Meldingar/søknader om småskala kraftutbygging skal sendast NVE på eige skjema. Dette vil forenkle og effektivisere sakshandsaminga, og sikre at NVE får alle naudsynte opplysningar. Av skjemaet går det fram kva opplysningar som må vere med for å kunne vurdere konsesjonsplikta. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE si heimeside.

iii. Naturmangfaldlova

I Naturmangfaldlova er det nedfelt fem miljørettslege prinsipp. I alle saker som påverkar naturmangfaldet skal det gå fram korleis desse prinsippa er vurderte. Desse prinsippa er nemnde i lovverket med desse overskriftene: §8 Kunnskapsgrunnlaget, §9 Føre-var-prinsippet, §10 Samla belastning, §11 Kostnader skal berast av tiltakshavar og §12 Miljøforsvarlige teknikkar

iv. Fleire lover, saksgang og rekkjefølgje

I utgangspunktet skal alle planlagde tiltak eller inngrep meldast til kommunen. Kommunen vurderer om tiltaket er søknadspliktig og gjer greie for vidare saksgang. Planstatus for området i kommuneplan eller reguleringsplan/utbyggingsplan må avklarast på eit tidleg stadium med kommunen.

Den generelle framgangsmåten for å få utført eit tiltak/inngrep kan framstillast slik:

1. Kontakt med kommunen i form av førehandsdrøfting av saka. Søkjar får informasjon om mellom anna kommunedelplan for differensiert forvaltning.
2. Melding eller søknad skal sendast kommunen. Innan to veker gjev kommunen attendemelding i tilfelle det er manglar ved melding eller søknad og gjer greie for vidare saksgang.
3. Ut frå tiltakstype eller omfang vert saka avgjort enten av kommunen eller sendt vidare til NVE, fylkesmann og/eller fylkeskommunen. Handsaming av saka skal skje så raskt som mogleg utan ugrunna opphald.
4. Ved søknader om bygging av mikro- og minikraftverk skal melding/søknad sendast direkte til NVE med evt. kopi til kommunen.

For saker som skal handsamast etter fleire lovverk, eventuelt med fleire godkjenningssmynde, har miljøverndepartementet gjeve tilrådingar om rekkjefølgje i sakshandsaminga. Som eksempel skal saker som både skal handsamast etter Jordlova og Plan- og bygningslova først gjennom ei førehandsvurdering etter Plan- og bygningslova (det overordna lovverket på kommunalt nivå). Dersom tiltaket ikkje er i strid med kommuneplan eller andre overordna plansystem, vert saka handsama etter jordlova, før den til slutt vert handsama etter Plan- og bygningslova. På denne måten unngår ein ”unødvendig” handsaming etter jordlova dersom saka likevel vert avslegen etter Plan- og bygningslova.

B. Kontaktar for dei som ønskjer å gjennomføre tiltak i eller nær vassdraga

Fjaler kommune:

Postboks 54, 6961 Dale i Sunnfjord, post@fjaler.kommune.no tlf.: 57738000.

Hyllestad kommune:

6957 Hyllestad, postmottak@hyllestad.kommune.no tlf.: 57789500.

Gaular kommun:

6973 Sande i Sunnfjord, postmottak@gaular.kommune.no tlf.: 57718500.

Høyanger kommune:

Postboks 159, 6991 Høyanger, postomttak@hoyanger.kommune.no tlf.: 57711500.

5. Vedlegg

Temakart til tematisk kommunedelplan: Differensiert forvaltning av Flekke- og Guddalsvassdraget

Kartet viser oversyn over planområdet med inndeling i soner (sone 2 og sone 3). Her teke med oversyn over Naturvernområde, Naturtypar, EDNA-registeret, FRIDA-registeret, regionalt viktige friluftsområde og registrerte kulturminne. I tillegg er det markert diverse vegar, luftleidningar, og markerte fossefall. SEFRAK-registeret er utelate for ikkje å få for mykje informasjon inn på kartet. Dette registeret er likevel viktig å forhalde seg til i forvaltninga. Registeret er tilgjengeleg på Fylkesatlas. Andre viktige register er oversyn over elveforbyggingar (NVE-atlas), Naturbasen, Artsdatabanken, INON-registreringane (Fylkesatlas). Det ligg også mykje detalregistreringar vedrørande den enkelte vassforekomst på Vann-nett.

